



Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Dato: 22. mars 2022

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

FRILUFTSLOVA – KLAGE PÅ BETALING FOR TURPARKERING PÅ OVERØYE I FJORD KOMMUNE

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om å limenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftslov. Vi viser her til vårt skriv av 14.12.2021 om turparkeringsavgift på Overøye i Fjord kommune.

I brev av 14.12.2021 til Fjord kommune stilte vi spørsmål om turparkeringsavgifta som er innført på Overøye i Fjord kommune er lovleg jfr friluftslovens § 13 og § 14. I brev av 28.01.2022 frå Fjord kommune fekk vi tilbakemelding på denne vår førespurnad (sjå vedlegg).

FNF Møre og Romsdal tolkar brevet frå Fjord kommune av 28.01.2022 slik at dei har vedteke ei turparkeringsavgift på Overøye heimla i § 14 i friluftslova. Då les vi i rundskriv T-3/07 om friluftsloven om friluftsloven § 14 (under pkt 7.4. og pkt. 9.3) at dette er eit enkeltvedtak i høve til forvaltningslova og at klagemyndigheit er Statsforvalteren. **På dette grunnlaget klager vi Fjord kommune sitt vedtak om innføring av turparkeringsavgift på Overøye inn til Statsforvalteren.** Vi legg til grunn vår klage at turparkeringsavgifta på Overøye primært må vere gratis jfr intensjonen i friluftslova, subsidiært må avgifta stå i forhold til dei tiltak som er gjort til fordel for friluftsfolket.

Helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal



FORUM FOR
NATUR OG FRILUFTSLIV

MØRE OG ROMSDAL

Vedlegg: Brev frå FNF Møre og Romsdal av 14.12.2021 til Fjord kommune om turparkering på Overøye i Fjord kommune

Brev frå Volda kommune til FNF Møre og Romsdal av 28.01.2022 om Overøye turparkering

Kopi: Fjord kommune